



# RADØY KOMMUNE

## Kommunestyret

### Møteinnkalling

**Møtedato:** 26. januar 2012  
**Tidspunkt:** Kl. 18.00  
**Møtestad:** Rådhuset

#### Sakliste:

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
001/12	Meldingar
002/12	Tilstandsrapport 2010/2011 - grunnskulen i Radøy
003/12	Klage på vedtak om adressetildeling - Ystebøtræet. Framlegg om nytt namn
004/12	Skytebane Haukåsen - søknad om kommunal garanti til grunnkjøp
005/12	Finansreglement for Radøy kommune 2012 - 15
006/12	Delegasjonsreglement politisk til rådmannen - nye helselover
007/12	Grunnlagsdokument for samarbeid mellom Helse Bergen, Haraldsplass og dei 22 kommunane i føretaksområdet
008/12	Inngåing og iverksetting av lovpålagde samarbeidsavtalar Helse Bergen og kommunane i føretaksområdet
009/12	Endring i gebyrregulativ for teknisk sektor og landbruk - Gebyr for handsaming av delings- og konsesjonssaker
010/12	Inkludering av Fedje kommune i NGIB
011/12	Samarbeid om brannvern mellom Austrheim og Radøy
012/12	Godtgjersle til folkevalde
013/12	Felles forliksråd for kommunane Austrheim, Fedje og Radøy
014/12	Val av beredskapsråd 2012 - 15
015/12	Val av eldreråd 2012 - 2015
016/12	Val av Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2012-2015
017/12	Val av overformynderi 2012 - 15
018/12	Søknad om fritak frå vervet som meddommar/lagrettemedlem
019/12	Søknad om fritak frå politiske verv - Tom Hella

#### SPØRJETIME

Før kommunestyret vert formelt sett, vert det spørjetime. Kommunestyremedlemer, publikum og pressa har høve til å stilla spørsmål om saker som ikkje står på saklista. Ynskjer ein utfyllande svar må spørsmåla meldast skriftleg til ordføraren seinast 48 timar før møtet.

Sakspapira ligg til offentleg gjennomsyn på sørvistorget i rådhuset.

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 56 34 90 00, slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemer møter etter nærare innkalling.

**Radøy kommune**

24.01.12

Jon Askeland  
Ordførar

Leif Taule

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	26.01.2012	001/12	LTA

<b>Avgjerd av:</b> Kommunestyret <b>Saksansv .:</b> Leif Taule	<b>Arkiv:</b> K1-033 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 12/212
---	--	-----------------------------

### MELDINGAR

- a. Årsmelding frå Radøy eldreråd

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til følgje.

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	01.12.2011	100/11	TFO
Kommunestyret	26.01.2012	002/12	TFO

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K2-B00	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Torleif Frotjold	<b>Objekt:</b>	10/1074

### TILSTANDSRAPPORT 2010/2011 - GRUNNSKULEN I RADØY

#### Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
9	I	24.11.2011	Torleiv Frotjold	Tilstandsrapport 2010/2011 - grunnskulen i Radøy

#### Saksutgreiing:

Rådmannen legg med dette fram tilstandsrapporten for grunnskulen i Radøy, skuleåret 2010/11.

Saka vert lagt fram til drøfting.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapporten 2010/2011 for grunnskulen i Radøy vert tatt til orientering.

#### **01.12.2011 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### Merknad:

Rapporten vert sendt til handsaming i kommunestyret i januar 2012.

#### **FS-100/11 VEDTAK:**

Tilstandsrapport 2010/2011 for grunnskulen i Radøy vert tatt til orientering.

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	10.11.2011	088/11	LTA
Kommunestyret	26.01.2012	003/12	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K2-L32	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Objekt:</b>	11/256

### KLAGE PÅ VEDTAK OM ADRESSETILDELING - YSTEBØTRÆET. FRAMLEGG OM NYTT NAMN

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	10.03.2011	Arvid Saglien; Gunnar Sivertstøl; John Johannessen; Kjersti Johanne Ystebø; Laila Ystebø; Roald Egil Straume; Rolf Magne Husebø; Rune Mellingen; Siren Stang Pletten; Ståle Rossgård; Svein Leon Hermansen	Melding om tildeling av offisiell adresse - Ystebøtræet
4	U	14.03.2011	Kjersti Johanne Ystebø	Melding om tildeling av offisiell adresse- Ystebøtræet - tillegg
5	I	27.03.2011	Roald Egil Straume; Rune Mellingen; Siren Stang Pletten	Klage på vedtak om adressetildeling - Ystebøtræet
6	U	04.07.2011	Kommunane i felles adresseområde Nordhordland	Mogeleg nytt adressenamn i Radøy kommune
8	U	19.08.2011	Hordaland politidistrikt; Nordhordland legevakt; Stadnamntenesta på Vestlandet	Mogleg nytt adressenamn i Radøy kommune
9	I	25.08.2011	Språkrådet - Stadnamntenesta på Vestlandet - LLE - UiB	Vegnamnsak i Radøy kommune - tilrådd namneform
10	I	02.11.2011	Kjersti Straume	Vegnamnsak i Radøy kommune, Sjøbrekka

**Vedlegg i saka:** Dok. nr 5, 9 og 10.

#### Saksutgreiing:

Eigarane av gnr. 98, bnr. 11, 13 og 58, som har fått tildelt offisiell adresse Ystebøtræet 1, 2 og 14, og som har eigeomane liggjande langs vegen frå Slettevegen og ned til Sletta kai, klagar på adressetildelinga, og ber i staden om at det vert oppretta ein ny adresseparsell kalla Sjøbrekka. Denne parsellen vil då gjelda tre bustadhus, ishuset på kaien og i tillegg camping-

hyttene som det vert tilrettelagt for i reguleringsplanen for Sletta kai og fritid. Her er det planlagt sju campinghytter.

Dei seier at lokalt har denne vegen alltid vorte kalla for Sjøbrekka. Med tanke på området Ystebø er lenger nord på Sletta, og at involverte eigedomar er mellom dei lengst sør i bygda som høyrer til området Mellingen, vil adresse Ystebøtræet vera direkte misvisande. Adresseparsellen Ystebøtræet kan framleis nyttast på vegstrekinga frå Valdernesvegen fram til kryss mot Ystebøreenen eller brua.

Rådmannen synest det er viktig å ta innspel frå innbyggjarane opp til nøye drøfting, og saka har difor vorte drøfta i administrasjonen. Med utgangspunkt i at det er planlagt campinghytter langs denne adresseparsellen, vil det kunna forsvarast ein eigen parsell frå Slettevegen til Sletta kai (brua), og rådmannen stiller seg difor positiv til å oppretta ein ny adresseparsell med namn Sjøbrekka. Saka er difor sendt utrykningsetatane og dei andre kommunane i det felles adresseområdet i Nordhordland og Gulen til uttale. Ingen av desse har kome med innvendingar mot namnet Sjøbrekka.

Saka er også sendt Stadnamntenesta på Vestlandet. Tilbakemeldinga er her at namnet bør vera Sjøbrekkene, og dei viser i denne samanheng til at dette namnet er oppført i UiB sin stadnamnbase for Radøy.

Kjersti Straume, som er notert som oppskrivar for namnet i stadnamnbasen, har kommentert innspellet frå Stadnamntenesta, sjå vedlegg.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune opprettar ein ny adresseparsell for vegen frå Slettevegen til Sletta kai (brua) som får namnet Sjøbrekka.

#### **10.11.2011 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS-088/11 VEDTAK:**

Radøy kommune opprettar ein ny adresseparsell for vegen frå Slettevegen til Sletta kai (brua) som får namnet Sjøbrekka.

#### **Merknad:**

Sjå vedlegget frå Ståle Rossgård. Det vert lagt opp til ei lita justering i tilrådinga.

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	11.01.2012	007/12	SKV
Kommunestyret	26.01.2012	004/12	SKV

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K1-256	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Sveinung Kvamme	<b>Objekt:</b>	11/1112

### SKYTEBANE HAUKÅSEN - SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI TIL GRUNNKJØP

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	24.11.2011	Radøy skyttarlag v/ Andre Michelsen	Skytebane Haukåsen - søknad om kommunal garanti

#### Saksutgreiing:

Det ligg føre søknad frå Radøy skyttarlag om kommunal garanti for lån kr 300.000 til kjøp av grunn til skytebaneområdet i Haukåsen.

Ifølgje §2 i forskrift frå KRD av 02.02.2001, endra 26.06.2008, har kommunen høve til å gje garanti i form av sjølvskuldmarkausjon. Ifølgje §5 i forskrifta trengst det ikkje statleg godkjenning for garantiar under kr 500.000,-. Det er vidare eit krav å oppgje kor lenge garantien skal gå.

Det er her tale om garanti i 3 år, for låneopptak kr 300.000. Det Frivillige Skyttervesen (DFS) har gitt tilsegn om støtte på kr 270.000 til prosjektet, som vil bli utbetalt med kr 90.000 kvart år i tre år. Tilsegna er stadfesta i brev av 25. november 2011. Tilskotet frå DSF skal nyttast til nedbetaling av lånet.

Søknaden frå Radøy skyttarlag fell såleis innafor reglane for garantiar kommunen kan gje utan godkjenning frå fylkesmannen.

Etter ei samla vurdering finn rådmannen å kunna gå inn for å gje garanti som omsøkt. Garanti-tida er avgrensa til tre år frå låneopptaket. Det er vidare ein føresetnad at garantien vert ned-kvittert etter som lånet vert nedbetalt.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gjev garanti i form av sjølvskuldmarkausjon for låneopptak i Sparebanken Vest, stort kr 300.000 til Radøy skyttarlag knytt til kjøp av grunn til skytebaneområdet i Haukåsen. Garantitida er avgrensa til tre år frå låneopptaket. Tilskot frå Det Frivillige Skyttervesen skal nyttast til nedbetaling av lånet. Det er ein føresetnad at garantien vert nedkvittert etter kvart som lånet vert nedbetalt.

## **11.01.2012 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **FS-007/12 VEDTAK:**

Radøy kommune gjev garanti i form av sjølvskuldnarkausjon for låneopptak i Sparebanken Vest, stort kr 300.000 til Radøy skyttarlag knytt til kjøp av grunn til skytebaneområdet i Haukåsen. Garantitida er avgrensa til tre år frå låneopptaket. Tilskot frå Det Frivillige Skyttervesen skal nyttast til nedbetaling av lånet. Det er ein føresetnad at garantien vert nedkvittert etter kvart som lånet vert nedbetalt.

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	11.01.2012	008/12	SKV
Kommunestyret	26.01.2012	005/12	SKV

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K1-200	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Sveinung Kvamme	<b>Objekt:</b>	12/31

### FINANSREGLEMENT FOR RADØY KOMMUNE 2012 - 15

#### Saksutgreiing:

Frå 1. juli 2010 vart det sett i kraft ei ny forskrift for kommunane si finansforvaltning. Den nye forskrifta regulerer krava til kommunane sine reglement, rutinar og rapportering, og skal gjera ansvarsdelinga mellom lokalpolitikarar og administrasjon klårare. Noko av siktemålet med den nye forskrifta er å hindra at kommunen tek på seg vesentleg finansiell risiko. Kommunestyret vedtok 25.11.2010 finansreglement etter ny forskrift i sak 053/10, med verknad fram til 31.12.2011.

Det må difor vedtakast nytt finansreglement frå 1.1.2012.

Rådmannen vil kort kommentera nokre av punkta i reglementet.

Plassering av ledig likviditet til driftsføremål kan berre gjerast i bankinnskott og verdipapirfond, med maksimal rentebindingstid eit halvt år.

Rådmannen meiner at det ut frå kommunen sin økonomiske situasjon ikkje er aktuelt å gjera langsiktige finansplasseringar, med unntak av strategiske plasseringar. Dette er også teke inn i reglementet.

I høve til gjeld er det eit spørsmål om kva rentebindingsperiode ein kan tillata. Prinsippet er at lengre rentebindingsperiodar aukar risikoen. Så usikker som finansmarknaden er, meiner rådmannen at horisont ut over 3 år ikkje er aktuelt.

Samla sett ser ikkje rådmannen noko grunnlag for å endra ordlyden i reglementet.

Rådmannen meiner også at reglementet bør gjerast gjeldande for heile inneverande periode, dvs. 2012 – 2015.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansreglement for Radøy kommune for perioden 2012 – 15 vert vedteke slik det ligg føre.

## **11.01.2012 FORMANNSKAPET**

Formannskapet råde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **FS-008/12 VEDTAK:**

Finansreglement for Radøy kommune for perioden 2012 – 15 vert vedteke slik det ligg føre.

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	26.01.2012	006/12	NMK
Formannskapet	11.01.2012	004/12	NMK

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K1-044	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Nina M. Kvamme	<b>Objekt:</b>	12/28

### DELEGASJONSREGLEMENT POLITISK TIL RÅDMANNEN - NYE HELSELOVER

#### Saksutgreiing:

Ny lov om kommunale helse og omsorgstenester er vedteke, og iverksett frå og med 01.01.2012. Det same gjeld ny lov om folkehelse. Desse to lovene erstattar tidlegare lov om sosiale tenester og lov om helsetenester i kommunane.

Deler av lov om sosiale tenester vart frå 1.1.2010 skilt ut i eiga lov, lov om sosiale tenester i NAV. Det resterande frå sosialtenestelova er dermed tatt inn i den nye helse og omsorgslova, sjå over.

Samtidig er det gjort endringar i eit stort tal forskrifter. Enno er ikkje alle ferdige, t.d. er fastlegeforskrifta enno under utarbeiding.

Gjeldande delegasjonsreglement av 2010 tar utgangspunkt i det gamle lovverket. Det er difor naudsynt med eit midlertidig delegasjonsvedtak til nytt delegasjonsreglement er vedteke.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Etter oppheving av Lov om helsetenester i kommunane og Lov om sosiale tenester vert delegasjon etter 2.7 i det gjeldande delegasjonsreglementet vidareført etter same prinsipp med heimel i:

Lov om kommunale helse og omsorgstenester  
Lov om folkehelsearbeid  
Lov om sosiale tenester i arbeids og velferdsforvaltningen

Dette vedtaket har heimel i kommunelova § 23 pkt. 4

#### **11.01.2012 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS-004/12 VEDTAK:**

Etter oppheving av Lov om helsetenester i kommunane og Lov om sosiale tenester vert delegasjon etter 2.7 i det gjeldande delegasjonsreglementet vidareført etter same prinsipp med heimel i:

Lov om kommunale helse og omsorgstenester

Lov om folkehelsearbeid

Lov om sosiale tenester i arbeids og velferdsforvaltningen

Dette vedtaket har heimel i kommunelova § 23 pkt. 4

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	11.01.2012	005/12	NMK
Kommunestyret	26.01.2012	007/12	NMK

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K2-G10	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Nina M. Kvamme	<b>Objekt:</b>	12/61

### GRUNNLAGSDOKUMENT FOR SAMARBEID MELLOM HELSE BERGEN, HARALDSPASS OG DEI 22 KOMMUNANE I FØRETAKSOMRÅDET

#### Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	21.12.2011	Samarbeidssekretariatet	Felles grunnlagsdokument og avtaleverk med frist for vedtak 31.01.12.
2	I	23.12.2011	Samarbeidssekretariatet	Felles grunnlagsdokument og avtaleverk - nytt oppdatert dokument

#### Saksutgreiing:

Samhandlingsreforma er innført frå 1.1.2012. Nytt lovverk vart iverksett frå same dato. I nye Lov om kommunale helse og omsorgstenester §6-1 ligg plikt til å inngå samarbeidsavtale mellom kommunar og regionale helseføretak.

Helse Bergen og dei 22 kommunane innanfor føretaksområdet har sidan 2009 hatt ei felles overordna samarbeidsavtale. Denne har vore lagt til grunn for utarbeiding av grunnlagsdokument med handlingsplan (sjå vedlegg) som basis for vidare samhandling, tilpassa krav i det nye lovverket.

Grunnlagsdokumentet skal leggjast fram for kommunestyra i kommunane. Kommunestyret skal vedta felles grunnlagsdokument med handlingsplan, og leggje dette til grunn for samhandlinga på alle nivå.

Grunnlagsdokumentet sin første del seier noko om den overordna målsettinga for samarbeidet, og dei prinsipp vi vil nytte som grunnlag for samarbeidet. Brukarperspektivet skal vere i sentrum, partane skal vere likeverdige, og vi skal vere einige om prioriteringane for våre helse-tenester.

Del to er ein handlingsplan for å operasjonalisere sjølve grunnlagsdokumentet. Den datofestar tiltak under dei ulike strategiske grepa som er henta frå grunnlagsdokumentet.

Samarbeidsutvalet for Nordhordland vedtok i møte 12.12.11 å tilrå partane å slutte seg til avtalane slik dei ligg føre.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune sluttar seg til Grunnlagsdokument for samarbeid mellom Helse Bergen, Haraldsplass og dei 22 kommunane i føretaksområdet, og vil leggje dette til grunn for samhandling på alle nivå.

### **11.01.2012 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **FS-005/12 VEDTAK:**

Radøy kommune sluttar seg til Grunnlagsdokument for samarbeid mellom Helse Bergen, Haraldsplass og dei 22 kommunane i føretaksområdet, og vil leggje dette til grunn for samhandling på alle nivå.

### **Merknad**

Avtalen er litt justert i høve til den som formannskapet fekk seg førelagt – sjå vedlegg.

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	11.01.2012	006/12	NMK
Kommunestyret	26.01.2012	008/12	NMK

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K2-G10	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Nina M. Kvamme	<b>Objekt:</b>	12/61

### INNGÅING OG IVERKSETTING AV LOVPÅLAGDE SAMARBEIDSAVTALAR HELSE BERGEN OG KOMMUNANE I FØRETAKSOMRÅDET

#### Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	21.12.2011	Samarbeidssekretariatet	Felles grunnlagsdokument og avtaleverk med frist for vedtak 31.01.12.
2	I	23.12.2011	Samarbeidssekretariatet	Felles grunnlagsdokument og avtaleverk - nytt oppdatert dokument

#### Vedlegg i saka:

- 1) Overordna samarbeidsavtale om lokal samhandlingsstruktur og dei helse og omsorgsoppgåvene forvaltningsnivåa har ansvar for.
- 2) Tenesteavtale for samarbeid om innlegging i og utskriving frå spesialisttenesta innan somatisk sektor for Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale sjukehus AS. Avtalen dekkjer pkt 2 og pkt 3 i opplistinga over.
- 3) Tenesteavtale for samarbeid om omforente beredskapsplaner og planer for den akuttmedisinske kjeden.
- 4) Referat møte SU Nordhordland 16.12.11

#### Saksutgreiing:

Samhandlingsreforma er innført frå 1.1.2012. Nytt lovverk vart iverksett frå same dato. I nye Lov om kommunale helse og omsorgstenester §6-1 ligg plikt til å inngå samarbeidsavtale mellom kommunar og regionale helseføretak.

Helse Bergen og dei 22 kommunane innanfor føretaksområdet har sidan 2009 hatt ei felles overordna samarbeidsavtale. Denne har vore lagt til grunn for utarbeiding av grunnlagsdokument med handlingsplan (sjå dok 1) som basis for vidare samhandling, tilpassa krav i det nye lovverket.

Totalt skal avtalane frå 1.7.2012 som eit minimum innehalde følgjande:

Henta frå Lov om kommunale helse og omsorgstenester §6-2:

1. enighet om hvilke helse og omsorgsoppgaver forvaltningsnivåene er pålagt ansvaret for og en felles oppfatning av hvilke tiltak partene til enhver tid skal utføre

2. retningslinjer for samarbeid i tilknytning til innleggelse, utskrivning, habilitering, rehabilitering og lærings- og mestringstilbud for å sikre helhetlige og sammenhengende helse og omsorgstjenester til pasienter med behov for koordinerte tjenester
3. retningslinjer for innleggelse i sykehus
4. beskrivelse av kommunens tilbud om døgnopphold for øyeblikkelig hjelp etter §3-5 tredje ledd
5. retningslinjer for samarbeid om utskrivningsklare pasienter som antas å ha behov for kommunale tjenester etter utskrivning fra institusjon
6. retningslinjer for gjensidig kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling og for faglige nettverk og hospitering
7. samarbeid om forskning, utdanning, praksis og læretid
8. samarbeid om jordmortjenester
9. samarbeid om IKT-løsninger lokalt
10. samarbeid om forebygging og
11. omforente beredskapsplaner og planer for akuttmedisinske kjeden

Forskrift om kommunalt betalingsansvar for utskrivningsklare pasienter trer i kraft frå 1.1.2012. dermed må avtale om dette vere på plass frå januar, og kommunane og helseføretaket har fått frist 31.01.2012 til å gjennomføre dette.

Ut frå dette er det no utarbeidd tre avtalar som er klare til underskriving innan fristen 31.01.2012, sjå vedlegga.

- 1) Overordna samarbeidsavtale om lokal samhandlingsstruktur og dei helse og omsorgsoppgåvene forvaltningsnivåa har ansvar for.
- 2) Tenesteavtale for samarbeid om innlegging i og utskrivning frå spesialisttenesta innan somatisk sektor for Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale sjukehus AS. Avtalen dekkjer pkt 3 og pkt 5 i opplistinga over.
- 3) Tenesteavtale for samarbeid om omforente beredskapsplaner og planer for den akuttmedisinske kjeden.

I løpet av våren skal det utarbeidast fleire avtalar, for å fylle lovkrava til innhald i avtalane, jf. § 6-2.

Samarbeidsutvalet for Nordhordland vedtok i møte 16.12.11 å tilrå partane å slutte seg til avtalane slik dei ligg føre, sjå vedlegg 4.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy sluttar seg til overordna samarbeidsavtale om lokal samhandlingsstruktur og dei helse- og omsorgsoppgåver forvaltningsnivåa har ansvar for.

Radøy kommune sluttar seg til tenesteavtale for samarbeid om innlegging i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan somatisk sektor for Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale sjukehus AS.

Radøy kommune sluttar seg til tenesteavtale for samarbeid om omforente beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeden.

### **11.01.2012 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS-006/12 VEDTAK:**

Radøy sluttar seg til overordna samarbeidsavtale om lokal samhandlingsstruktur og dei helse- og omsorgsoppgåver forvaltningsnivåa har ansvar for.

Radøy kommune sluttar seg til tenesteavtale for samarbeid om innlegging i og utskriving frå spesialisthelsetenesta innan somatisk sektor for Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale sjukehus AS.

Radøy kommune sluttar seg til tenesteavtale for samarbeid om omforente beredskapsplaner og planer for den akuttmedisinske kjeden.

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	11.01.2012	002/12	TNE
Kommunestyret	26.01.2012	009/12	TNE

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K1-231	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Tonje Nepstad Epland	<b>Objekt:</b>	11/1167

### ENDRING I GEBYRREGULATIV FOR TEKNISK SEKTOR OG LANDBRUK - GEBYR FOR HANDSAMING AV DELINGS- OG KONSESJONSSAKER

#### Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
4	I	16.12.2011	Statens landbruksforvaltning	Ny gebyrforskrift for konsesjons- og delingssaker frå 1.1.2012

#### Saksutgreiing:

Forslag til ny gebyrforskrift for konsesjons- og delingssaker vart sendt på høyring av Statens landbruksforvaltning 04.02.10. Forskrifta vart vedtatt 14.12.11 og trer i kraft frå 01.01.12. Som følgje av forskrifta er det naudsynt å gjere endringar i gebyrregulativ for deltakar-kommunane i Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy.

For Radøy kommune si del endrar vedtaket gebyrregulativ vedtatt 15.12.2011 pkt. 15.

Etter tidlegare forskrift skulle gebyr for konsesjonssaker bereknast ut i frå kjøpesum for eigedom, 3 promille av den første millionen og deretter 2 promille, med eit minstegebyr på kr 750. For søknad om deling var det eit fast gebyr på kr 750.

I ny forskrift er det fastsett maksimumsgebyr. Maksimumsgebyr for søknad om konsesjon er satt til kr 5 000. Maksimumsgebyr for søknad om deling er satt til kr 2 000.

Etter forskrifta § 2, 3. ledd kan kommunen fastsetje eit lågare gebyr enn maksimumsgebyr. Kommunen kan ikkje fastsetje eit høgare gebyr enn maksimumsgebyr. Om kommunen ikkje fastset ein lågare sats, er det maksimumsgebyret i forskrifta som gjeld.

Statens landbruksforvaltning mottok innspel frå 60 høyringsinstansar, kor av 48 kommunar. I tillegg er det innhenta erfaringstal frå 17 kommunar. 32 høyringsinstansar har vore positive eller slutta seg til dei opphavlege føreslåtte satsane i høyringsutkastet. Blant dei negative innspel vart det peika på at satsane var for låge til å dekke kommunen sine kostnader med saka. Statens landbruksforvaltning har tatt omsyn til innspela og justert gebyrsatsane i forskrifta opp etter høyringsrunda.

Rådmannen har sett på gjennomsnittleg arbeidsmengde for landbrukskontoret i delings- og konsesjonssakar for å kunne vurdere kva gebyr som må fastsetjast for å oppnå størst mogleg grad av sjølvkost i sakshandsaminga. Timesats for teknisk sektor og landbruk er etter gjeldande regulativ kr 690 for kontorarbeid og kr 920 for feltarbeid.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for landbrukskontoret i delingssakene er 5-6 timar, inkludert synfaring. Gebyr etter tidlegare forskrift på kr 750 i delingssaker har vore uendra i lang tid. Gebyret gjev knapt dekning for ei arbeidstime og er ikkje representativ for landbrukskontoret sitt arbeid med saka. Basert på timesatsar og gjennomsnittleg tidsbruk på landbrukskontoret rår rådmannen til eit gebyret for delingssaker på kr 2 000 i samsvar med forskrifta § 2, 2. ledd.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for landbrukskontoret i konsesjonssaker er 6-8 timar. Salssummen for konsesjonspliktige eigedomar i Radøy ligg typisk mellom 1,5 og 2,5 mill. kr, med hovudvekta av eigedomar frå 2 mill. kr og meir. Etter tidlegare forskrift var t.d. gebyr for søknad om konsesjon på ein eigedom som vart seld for 2 mill., kr 5 000. Eit gebyr på kr 5 000 er såleis i nedre sjikt av dei gebyr som vart berekna etter tidlegare forskrift. Endringa gjev i lita grad gebyrauke for søkjar og vil truleg heller redusere enn auke dei samla gebyrinntektene for landbrukskontoret. Det er normalt ikkje samanheng mellom kjøpesum for eigedomen og landbrukskontoret sitt arbeid med konsesjonssaka. Ei fast gebyrsats gjev såleis eit meir riktig gebyrnivå. Basert på timesatsar og gjennomsnittleg tidsbruk på landbrukskontoret rår rådmannen til eit gebyret for konsesjonssaker på kr 5 000 i samsvar med forskrifta § 2, 1. ledd.

Det skal etter forskrifta § 1, fjerde ledd ikkje betalast gebyr når nær slektning eller odlar søkjer konsesjon fordi lovpålagd buplikt ikkje vert oppfylt. Det skal heller ikkje betalast gebyr når det er kommunen sjølv som er kjøpar og søkjer konsesjon.

Tekst i pkt. 15 i gebyrregulativ for Radøy kommune vedtatt i kommunestyret 15. desember 2011, sak 56/11, vert ut frå ovannemnde føreslått endra som følgjer:

**”15 GEBYR FOR LANDBRUKSKONTORET SIN HANDSAMING AV KONSESJONS- OG DELINGSSAKER (FORSKRIFT AV 2011-12-14 NR 1336 §§ 1 OG 2)**

<b>KODE</b>	
<i>15.1.1 Lov av 28. november 2003nr 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova)</i>	5 000
<i>15.1.2 Lov av 12. mai 1995 nr 25 § 12 om delingssamtykke</i>	2 000

*Det skal ikkje betalast gebyr når nær slektning eller odlar som ikkje skal oppfylle lovpålagt buplikt søkjer konsesjon.*

*Det skal heller ikkje betalast gebyr når kommunen sjølv er kjøpar og søkjer konsesjon.”*

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Gebyrsatsar fastsett i pkt. 15 i gebyrregulativ for Radøy kommune vedtatt av kommunestyret 15.12.11, sak 56/11, vert oppheva, og gebyr fastsett i sentral forskrift av 2011-12-14 nr 1336 §§ 1 og 2 gjeld for Radøy kommune.

Endringa trer i kraft ved kommunestyret sitt vedtak.

Vedtaket har heimel i Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2.

## **11.01.2012 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **FS-002/12 VEDTAK:**

Gebysatsar fastsett i pkt. 15 i gebyrregulativ for Radøy kommune vedtatt av kommunestyret 15.12.11, sak 56/11, vert oppheva, og gebyr fastsett i sentral forskrift av 2011-12-14 nr 1336 §§ 1 og 2 gjeld for Radøy kommune.

Endringa trer i kraft ved kommunestyret sitt vedtak.

Vedtaket har heimel i Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2.

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	26.01.2012	010/12	LTA
Formannskapet	11.01.2012	010/12	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K2-M71	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Objekt:</b>	12/80

### INKLUDERING AV FEDJE KOMMUNE I NGIB

#### Saksutgreiing:

Fedje kommune har i brev av 01.07.11 kome med førespurnad om å bli med i Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB). Førespurnaden har vore handsama på brannsjefsmøte 02.12.11. Brannsjefsmøte tilrødde ein slik søknad.

Fedje kommune har eit folketal på om lag 600 innbyggjarar. Mengda av aktuelle objekt som krev tilsyn ligg mellom 8-12 stk.

Samla folketal innafor NGIB sitt arbeidsområde i 9 kommunar vil då ligge på vel 35.000 innbyggjarar. Etter gjeldande dimensjoneringsforskrift i brannlova skal det vera ein inspektør pr. 10.000 innbyggjarar i tillegg til dagleg leiar dvs. i alt 4,5 heilårsstillingar. NGIB har vore organisert med 4 stillingar sidan sist revisjon av ordninga i 2004 då Radøy og Solund vart medlemmar. Då låg innbyggjartalet på ca 31000. NGIB vurderer den auka arbeidsmengda som ein vil få ved at Fedje blir medlem som såpass moderat, at det ikkje er naudsynt å auka mannskapsressursen men det vil på sikt bli naudsynt med ein auke i tal tilsette. Kostnadene ein får vil bli dekkja opp med dei inntekter ein får når Fedje blir medlem.

Etter regelverket i samarbeidsavtalen pkt.7 skal alle kommunestyra som no er medlem, godkjenne endring i avtalen før denne vert gyldig.

#### Vurdering

Fedje er den siste kommunen i region Nordhordland som nå blir medlem i NGIB. Dette vil vera til nytte både for Fedje kommune og for samarbeidet i regionen. Meirkostnadene vil bli dekkja inn av Fedje sitt medlemskap. Reint praktisk bør medlemskapet for Fedje gjelde frå 01.01.2012.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune godkjenner at Fedje kommune vert med i felles brannførebyggjande avdeling for Nordhordland og Gulen (NGIB) på dei vilkår som noverande samarbeidsavtale mellom kommunane fastset. Medlemskapet gjeld frå 01.01.2012.

## **11.01.2012 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **FS-010/12 VEDTAK:**

Radøy kommune godkjenner at Fedje kommune vert med i felles brannførebyggjande avdeling for Nordhordland og Gulen (NGIB) på dei vilkår som noverande samarbeidsavtale mellom kommunane fastset. Medlemsskapet gjeld frå 01.01.2012.

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	26.01.2012	011/12	CFO
Formannskapet	11.01.2012	011/12	CFO

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K2-A41, K1-	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Objekt:</b>	10/912

### SAMARBEID OM BRANNVERN MELLOM AUSTRHEIM OG RADØY

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	I	10.10.2011	Austrheim kommune	Rapport - Vurdering av samarbeid om brannvern

#### Vedlegg i saka:

Dok. nr. 3  
Framlegg til avtale

#### Saksutgreiing:

Rådmann i Radøy har teke kontakt med Austrheim for å drøfta eventuelt kjøp av tenester som brannsjef. Bakgrunnen er at Radøy brannvesen har dispensasjon frå kravet om brannfagleg kompetanse i brannsjefstillinga. Denne dispensasjonen går ut ved årsskiftet 2011/12.

Det har vore to møte mellom kommunane og konklusjonen som går fram av vedlagte rapport, er som følgjer:

- Radøy kjøper 20 % brannsjef frå 1.1.2012. Resten av stillinga som det er krav om, vert det rekna med at varabrannsjefen i Radøy utfører.  
Austrheim legg fram forslag til avtale og forhandlar ferdig avtale med Radøy.*
- Radøy og Austrheim tar interne rundar for å sjekka ut ei framtidig felles befalsvakt. Ei slik ordning bør ein løysa over tid etter kvart som folk går ut av ordninga. Situasjonen som kan oppstå er at befal går ut på grunn av manglande kompetanse i tillegg til dei som går ut på grunn av at dei blir pensjonist. Dette blir eit felt den felles brannsjefen vil få ansvar for å kartleggja.*
- På sikt ser begge kommunar at det kan bli eit felles brannvern for begge kommunane. Dette er ei ordning Direktoratet siktar på. I Hordaland ser ein at det vert fleire slike ordningar. Dette feltet vert og eit område den felles brannsjefen må få ansvar for å undersøkjja om det er grunnlag for.*

Rådmannen ser det som viktig at Radøy kommune får på plass brannsjef som fyller kravet til brannfagleg kompetanse og er glad for at Austrheim kommune har sagt seg villig til å "selja" kommunen denne kompetansen. Det er viktig for brannvernet i Radøy at brannsjefen vert synleg i kommunen og avtalen legg opp til dette. Rådmannen rår til at framlegg til avtale vert godkjent.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til avtale om mellom Austrheim og Radøy kommunar om kjøp av funksjonen som brannsjef, vert godkjent slik den ligg føre.

**11.01.2012 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS-011/12 VEDTAK:**

Framlegg til avtale om mellom Austrheim og Radøy kommunar om kjøp av funksjonen som brannsjef, vert godkjent slik den ligg føre.

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	11.01.2012	012/12	LTA
Kommunestyret	26.01.2012	012/12	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K1-082	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Objekt:</b>	11/481

### GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE

**Vedlegg i saka:** Gjeldande reglement i Radøy kommune

#### Saksutgreiing:

I kommunelova heiter det:

**§ 41. Dekning av utgifter og økonomisk tap.**

- 1. Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet, etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.*
- 2. Tap av inntekt og påførte utgifter som følge av kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv erstattes opp til et visst beløp pr. dag, fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv. Det skal fastsettes ulike satser for legitimerede og ulegitimerede tap.*

**§ 42. Arbeidsgodtgjøring.**

*Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.*

**Kommunestyret** vedtok i møte 17.01.2008, sak 07/08, følgende reglement for godtgjersle for kommunale tillitsverv gjeldande frå 1. januar 2008:

- Fast årleg godtgjersle (i tillegg til møtegodtgjersle):
  - Medlemer i formannskapet kr 19.000
  - Medlemer i hovudutval for plan, landbruk og teknisk kr 13.000
  - Leiar i hovudutval for plan, landbruk og teknisk kr 19.000
  - Leiar i eldrerådet, byggenemnder, overformynderi, råd for menneske med nedsett funksjonsevne kr 8.000
  - Fråvær frå meir enn 25 % av møta fører til høvesvis reduksjon.
  - Vararepresentant som har meir enn 25 % frammøte, får utbetalt høvesvis del av fast årleg godtgjersle.
- Leiarar av andre råd/utval, samt fungerande leiar ved forfall, jf. pkt.1 (pr. møte) kr 1.000
- Møtegodtgjersle (pr. møte) kr 500  
Det vert berre utbetalt ei møtegodtgjersle der fleire møte er lagt etter kvarandre på same dag.
- Eventuelt vederlag for tapt arbeidsforteneste kjem i tillegg til ovannemnde godtgjersler.  
Høgaste kronesum som kan ytast for ulegitimerede tap, vert sett til kr 1000,- pr. dag dersom

- møta er lagt til eit tidspunkt slik at vedkomande må ta fri frå det ordinære arbeid for å utøva vervet. For legitimerede tap og utgifter kan det betalast ut inntil kr 2500,- pr. dag.
5. Når det gjeld skyss, kost og overnatting i samband med reiser vert det godtgjort etter det kommunale reiseregulativet.
  6. Det vert gjeve refusjon for nødvendige utgifter til barnepass.
  7. Formannskapet får fullmakt til å ta avgjerd i saker vedk. tolking av ovannemnde reglement.”

Radøy kommune har eit enkelt reglement for godtgjersle for kommunale tillitsverv. Rådmannen rår til at ein held fast på eit slikt enkelt reglement med eventuelle nødvendige justeringar. Godtgjersla til leiar i kontrollutvalet bør leggjast inn fast som for andre leiarar.

Saka vert lagt fram for drøfting og mogeleg vedtak.

## **11.01.2012 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta følgjande reglement for godtgjersle for kommunale tillitsverv

### **FS-012/12 VEDTAK:**

Følgjande reglement for godtgjersle for kommunale tillitsverv gjeldande frå 1. januar 2012:

1. Fast årleg godtgjersle (i tillegg til møtegodtgjersle):
 

Medlemer i formannskapet	kr 20.000
Medlemer i hovudutval for plan, landbruk og teknisk	kr 14.000
Leiar i hovudutval for plan, landbruk og teknisk	kr 20.000
Nestleiar i hovudutval for plan, landbruk og teknisk	kr 16.000
Leiar i kontrollutvalet, eldrerådet, byggenemnder, overformynderi, råd for menneske med nedsett funksjonsevne	kr 7.000

Fråvær frå meir enn 25 % av møta fører til høvesvis reduksjon.  
Vararepresentant som har meir enn 25 % frammøte, får utbetalt høvesvis del av fast årleg godtgjersle.
3. Leiarar av andre råd/utval, samt fungerande leiar ved forfall,
 

jf. pkt.1 (pr. møte)	kr 1.200
----------------------	----------
3. Møtegodtgjersle (pr. møte)
 

Det vert berre utbetalt ei møtegodtgjersle der fleire møte er lagt etter kvarandre på same dag.	kr 600
---	--------
4. Eventuelt vederlag for tapt arbeidsforteneste kjem i tillegg til ovannemnde godtgjersler. Høgaste kronesum som kan ytast for ulegitimerte tap, vert sett til kr 1000,- pr. dag dersom møta er lagt til eit tidspunkt slik at vedkomande må ta fri frå det ordinære arbeid for å utøva vervet. For legitimerede tap og utgifter kan det betalast ut inntil kr 2500,- pr. dag. Dette gjeld også for sjølvstendig næringsdrivande når tapet er dokumentert med oppgåve frå firma.
5. Når det gjeld skyss, kost og overnatting i samband med reiser, vert det godtgjort etter det kommunale reiseregulativet.
6. Det vert gjeve refusjon for nødvendige utgifter til barnepass.
7. Formannskapet får fullmakt til å ta avgjerd i tolkingsspørsmål som gjeld dette reglementet.

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	26.01.2012	013/12	LTA
Formannskapet	11.01.2012	013/12	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K1-033	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Objekt:</b>	10/886

### FELLES FORLIKSRÅD FOR KOMMUNANE AUSTRHEIM, FEDJE OG RADØY

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	08.09.2010	Nordhordland politidistrikt	Ad felles forliksråd for fleire kommunar
3	I	29.09.2010	Modalen kommune	Melding om vedtak
4	I	01.11.2010	Meland kommune Rådmannskontoret	Melding om vedtak
5	I	03.11.2010	Austrheim kommune	Melding om vedtak
6	U	01.12.2010	Nordhordland politidistrikt	Felles forliksråd for fleire kommunar
7	I	14.09.2011	Jon Askeland	Bestilling av sak
8	U	22.09.2011	Ordførarar i Austrheim og Fedje kommunar, kommunestyret i Radøy	Felles forliksråd, endeleg innstilling.

#### Saksutgreiing:

Kommunestyra i Austrheim, Fedje og Radøy har tidlegare handsama og gjort likelydande vedtak i denne saka. Vedtaket i Radøy kommunestyre 25.11.2010, sak 52/10, er som følgjer:

- Radøy kommune er positiv til å drøfta oppretting av eit felles forliksråd for Austrheim, Fedje og Radøy.*
- Ordføraren får fullmakt til å drøfta dette med dei to andre kommunane og koma tilbake med ei innstilling i saka.*

#### Ordførarane i kommunane har **sams innstilling til endeleg vedtak i saka:**

- Det vert oppretta eit felles forliksråd for Austrheim, Fedje og Radøy.
- Forliksrådet vert samansett slik: Radøy kommune – to faste representantar, Austrheim kommune – éin fast representant, Fedje kommune – første vararepresentant. Radøy får andre vara, og Austrheim får tredje vara.
- Forliksrådet startar opp i løpet av første halvår 2012, etter avtale mellom dei tre forliksråda og lensmannen. Forliksrådet vert oppmoda til å alternera møtestad mellom dei tre kommunane.

På bakgrunn av ovannemnde innstilling, tør eg be kommunestyra handsama og fatta endeleg vedtak i saka.

**Rådmannen sine vurderingar:**

Rådmannen ser det som naturleg at eit felles forliksråd for dei tre kommunane vert etablert når inneverande periode vert avslutta, dvs. frå 1. januar 2013. Inneverande år bør nyttast til å drøfta gjennom organisering og opplegg for eit felles forliksråd, samt val av medlemmer til rådet. Fylkesmannen skal deretter godkjenna kommunestyra sine val av medlemmer.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Radøy kommune går inn for at det vert oppretta eit felles forliksråd for Austrheim, Fedje og Radøy.
2. Forliksrådet vert samansett slik: Radøy kommune – to faste representantar, Austrheim kommune – éin fast representant, Fedje kommune – første vararepresentant. Radøy får andre vararepresentant, og Austrheim får tredje vararepresentant.
3. Forliksrådet startar opp frå ny periode. Forliksrådet vert oppmoda til å alternera møtestad mellom dei tre kommunane.

**11.01.2012 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS-013/12 VEDTAK:**

1. Radøy kommune går inn for at det vert oppretta eit felles forliksråd for Austrheim, Fedje og Radøy.
2. Forliksrådet vert samansett slik: Radøy kommune – to faste representantar, Austrheim kommune – éin fast representant, Fedje kommune – første vararepresentant. Radøy får andre vararepresentant, og Austrheim får tredje vararepresentant.
3. Forliksrådet startar opp frå ny periode. Forliksrådet vert oppmoda til å alternera møtestad mellom dei tre kommunane.

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	26.01.2012	014/12	LTA
Formannskapet	11.01.2012	016/12	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K1-033	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Objekt:</b>	12/93

### VAL AV BEREDSKAPSRÅD 2012 - 15

#### Dokumentliste/vedlegg:

Normalreglement for kommunane sitt beredskapsarbeid

#### Saksutgreiing:

Direktoratet for sivilt beredskap (DSB) har i samarbeid med KRD og KS arbeidd ut eit Normalreglementet for kommunane sitt beredskapsarbeid. Normalreglementet er ei skisse til ansvarsfordeling mellom dei ulike folkevalde organ, og mellom desse og administrasjonen, i prinsippet etter den ansvarsfordeling som er gitt i kommunelova.

I § 2 i Normalreglementet heiter det at Kommunestyret oppnemner eit beredskapsråd som skal vera kommunen sitt samarbeidsorgan i beredskapsspørsmål og som har følgjande samansetjing: ordførar, administrasjonssjef, kommunale og statlege fagorgan i kommunen, politi/lensmann, Det lokale sivilforsvar, forsvaret, inntil to representantar for frivillige organisasjonar. Rådet bør ha jamnlege møte, minst ein gong i året.

Fylkesmannen tilrår at det kommunale beredskapsrådet vert nytta som eit forum for informasjon og drøfting og ser gjerne at beredskapsrådet vert eit stort forum med deltakarar frå mange ulike etatar, verksemder og organisasjonar.

Rådmannen vurderer det slik at beredskapsrådet i Radøy bør vera breitt samansett slik at mange aktuelle partar kan trekkjast med i drøftingane og får del i informasjonen i rådet. Det ville likevel vera mange andre representantar som gjerne kunne blitt med i rådet (t.d. BKK, Telenor, Statens vegvesen, Kystverket, Posten), men rådmannen ser det slik at desse primært bør trekkjast inn i fylkesberedskapsrådet. Beredskapsrådet i Radøy må likevel kunna trekkja inn aktuelle representantar til møte i rådet når særlege tilhøve tilseier dette.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert vald følgjande Beredskapsråd i Radøy kommune for perioden 2012 – 15:  
Ordførar, varaordførar, rådmann, rådgjevar med beredskapsansvar i administrasjonen, representant for politiet, representant for forsvaret (heimevernet), representant for Sivilforsvaret, soknepresten, brannsjefen, kommuneoverlegen, rådgjevar helse og omsorg, rådgjevar oppvekst, landbrukssjefen, leiar for teknisk drift/bygg og eigedom, leiar for plan/

byggesak/oppmåling, representant for Radøy Næringsråd, representant for småbåtlaga og representant frå frivillig organisasjon/Røde Kors.

Beredskapsrådet i Radøy kan elles trekkja inn aktuelle representantar til møte i rådet når særlege tilhøve tilseier dette.

Ordføraren vert leiar i beredskapsrådet med varaordføraren som nestleiar.

## **11.01.2012 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **FS-016/12 VEDTAK:**

Det vert vald følgjande Beredskapsråd i Radøy kommune for perioden 2012 – 15:  
Ordførar, varaordførar, rådmann, rådgjevar med beredskapsansvar i administrasjonen, representant for politiet, representant for forsvaret (heimevernet), representant for Sivilforsvaret, soknepresten, brannsjefen, kommuneoverlegen, rådgjevar helse og omsorg, rådgjevar oppvekst, landbrukssjefen, leiar for teknisk drift/bygg og eigedom, leiar for plan/byggesak/oppmåling, representant for Radøy Næringsråd, representant for småbåtlaga og representant frå frivillig organisasjon/Røde Kors.

Beredskapsrådet i Radøy kan elles trekkja inn aktuelle representantar til møte i rådet når særlege tilhøve tilseier dette.

Ordføraren vert leiar i beredskapsrådet med varaordføraren som nestleiar.

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	26.01.2012	015/12	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret <b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Arkiv:</b> K1-033 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 11/894
--	--	-----------------------------

### VAL AV ELDRERÅD 2012 - 2015

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	27.09.2011	Radøy pensjonistlag	Framlegg om medlemmer til Radøy eldreråd
3	U	05.10.2011	Manger Helselag	Framlegg om medlemmer til Radøy eldreråd 2011-15
2	U	05.10.2011	LHL Radøy	Framlegg om medlemmer til Radøy eldreråd 2011- 2015
4	I	23.10.2011	Radøy Pensjonistlag v/Arne Villanger	Framlegg til medlemmer i Radøy eldreråd
6	I	18.01.2012	LHL - Radøy	Eldreråd og råd for funksjonshemma.

**Vedlegg i saka:** Dok nr. 4 og 6.

#### Saksutgreiing:

Ifølgje § 1 i reglement for Radøy eldreråd, skal kommunestyret oppnemna eldrerådet i Radøy. Rådet skal ha 6 medlemmer med varamedlemer. Fleirtalet av medlemmene skal vera alderspensjonistar. To medlemmer og to varamedlemer vert valde blant medlemmene i kommunestyret. Ein av desse bør vera blant formannskapet. Oppnemninga følgjer valperioden. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar som skal veljast blant pensjonistane.

Etter § 2 i Lov om eldreråd har pensjonistforeiningar rett til å koma med framlegg om medlemmer til eldrerådet. I kommentarane til lova vert det også gjeve høve for andre typar frivillige organisasjonar og foreiningar som driv arbeid blant eldre, som t.d. lokallag av landsomfattande organisasjonar og foreiningar, til å føreslå medlemmer til eldrerådet. Det er ikkje noko krav om at føreslegne medlemmer må vera medlemmer i organisasjonen, foreininga eller laget som kjem med framlegget.

Det er sendt ut brev til Radøy pensjonistlag, LHL Radøy og Manger helselag der det er gjeve melding om høve til å koma med framlegg om medlemmer til eldrerådet. Det har kome inn framlegg frå Radøy pensjonistlag og LHL Radøy.

### **Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

Som medlemmer og varamedlemmer til eldrerådet for valperioden 2012 – 15, vert desse valde:

#### **Medlemer:**

Borghild Baug  
Magnar Klausen  
Norvald Elvik  
Oddbjørg Dragøy

#### **Varamedlemer:**

1. Kåre Færøy  
2. Kirsten Steindal  
3. Arne Villanger  
4. Berit Kvalvik

#### **Frå kommunestyret:**

Kirsti Gjetle Floen (Ap)  
Oddmund Skjelvik (Sp)

1. Morgan Taule (Ap)  
2. Ingvill Taule (Sp)  
3. Jostein Dale (KrF)  
4. Eva Karin Klausen (H)

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	26.01.2012	016/12	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret <b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Arkiv:</b> K1-033 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 11/699
--	--	-----------------------------

### VAL AV RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 2012-2015

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	14.07.2011	SAFO-vest	Om oppnemning av brukarrepresentantar til kommunale råd for funksjonshemma
2	U	04.10.2011	Aktuelle lag og organisasjonar	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - framlegg om representantar i rådet
3	I	19.10.2011	FFO Nordhordland	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - forslag
4	I	21.10.2011	Norges Handikapforbund Sørvest	Kandidatar til det kommunale rådet for funksjonshemmede-2011-2015
5	I	11.11.2011	Radøy lag for funksjonshemma	Oppnemning av representant til kommunalt råd for funksjonshemma

**Vedlegg i saka:** Dok. nr 3, 4 og 5

#### Saksutgreiing:

Ifølgje § 1 i reglement for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, skal rådet ha 6 medlemmer oppnemnde av kommunestyret der 2 medlemmer bør veljast mellom medlemene i kommunestyret. Ein av desse bør koma frå hovudutval for plan, landbruk og teknisk. 4 medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonane som representerer menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Rådet vert vald for den kommunale valperioden.

Det har kome inn framlegg på medlemmer til rådet frå Radøy lokallag av NFU, Nordhordland Hørselslag, Mental Helse Radøy og Austrheim.

### **Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

Som medlemmer og varamedlemmer til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, for valperioden 2012 – 2015, vert desse valde:

#### **Medlemmer:**

Johannes Kolås  
Gro Borgund  
Jannicke Helland  
Oddstein Storheim

#### **Varamedlemmer:**

1. Wenche Soltveit  
2. Birger Klausen  
3. Karianne Hole  
4. Erling J. Tjore

#### **Frå kommunen:**

Liv Berith Rath (Ap)  
Dag Sætre (Sp)

1. Sara Sekkingstad (Sp)  
2. Johnny Brattetaule (H)  
3. Birthe Haugland Frotaule (V)  
4. Morgan Taule (Ap)

Leiar: Liv Berith Rath

Nestleiar: Johannes Kolås

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	26.01.2012	017/12	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret <b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Arkiv:</b> K2-X47 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 11/275
--	--	-----------------------------

### VAL AV OVERFORMYNDERI 2012 - 15

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
4	I	19.07.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Informasjon om verjemålsreformen
5	I	23.08.2011	Det kongelige justis- og politidepartement	Nyval til overformynderia - vergemålsreforma - praktisering av regelverket

#### Saksutgreiing:

Etter vergemålslova av 27. april 1927 skal det vera eit overformynderi i alle kommunar. Overformynderiet har til vanleg to overformyndarar. Dei vert valde - ein kvart anna år – av kommunen for 4 år. I tillegg skal det veljast varamedlemmer som skal tre inn når dei valde medlemene er inhabile eller har forfall. Dei som skal veljast, må ha fylt 30 år.

Etter det ein kjenner til vil overformynderiet sine oppgåver verta lagt til staten v/fylkesmannen i løpet av 2013.

#### Merknader:

Medlem Jarle Helland står på val og begge varamedlemene, Kristen Risnes og Heidi H. Birkeland, står på val. Jarle Helland har sagt seg villig til attval.

#### Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Overformyndar 2012 – 15:  
Jarle Helland

Varamedlemer 2012 - 15:  
1. Kristen Risnes  
2. Heidi Hårklau Birkeland

(Frå før står for 2010 – 13: Gunlaug Hansen)

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	26.01.2012	018/12	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret <b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Arkiv:</b> K1-033 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 07/646
--	--	-----------------------------

### SØKNAD OM FRITAK FRÅ VERVET SOM MEDDOMMAR/ LAGRETTEMEDLEM

#### Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
40	I	23.09.2011	Astrid W. Mellingen	Søknad om fritak for teneste som meddommar/lagrettmедlem
42	U	18.10.2011	Astrid W. Mellingen	Søknad om fritak for teneste som meddommar/lagrettmедlem

#### Saksutgreiing:

Astrid W. Mellingen har søkt fritak frå vervet som meddommar/lagrettmедlem. Ho viser til at ho har vorte hyppig innkalla og at vervet har vore vanskeleg å kombinera med å vera småbarnsmor. Lagretten kan berre gje fritak frå gong til gong (reglane er strenge).

#### Valnemnda sitt framlegg til vedtak: (11.01.2012)

Astrid W. Mellingen får fritak som lagrettmедlem for resten av perioden, dvs. til 31.12.2012. Som ny lagrettmедlem for same periode, vert oppnemnd

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	26.01.2012	019/12	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret <b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Arkiv:</b> K1-033 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 11/912
--	--	-----------------------------

### SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISKE VERV - TOM HELLA

#### Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	29.09.2011	Tom Hella	Søknad om fritak frå verv som vararepresentant for Framstegspartiet
2	U	18.10.2011	Tom Hella	Søknad om fritak frå verv som vararepresentant for Framstegspartiet

#### Saksutgreiing:

Tom Hella er vald som 3. varamedlem til kommunestyret for Framstegspartiet, for valperioden 2011 – 15. Han søkjer om fritak då han er mykje borte pga. av jobb i utlandet og han driv to firma/føretak som tar all ledig tid.

Dersom fritak vert gjeve, står Bjørn Erik Klausen for tur til å tre inn som 6. varamedlem til kommunestyret etter at 4., 5. og 6. varamedlem rykkjer ein plass fram på lista.

**Valstyret sitt framlegg til vedtak: (11.01.2012)**

Tom Hella (Frp) får fritak frå vervet som 3. varamedlem til kommunestyret for valperioden 2011 – 15.

Varamedlemene Arild Tveranger, Roar Ulvatn og Nils Bård Nødtvedt rykkjer fram ein plass kvar på lista til høvesvis 3., 4. og 5. varamedlem. Ny 6. varamedlem vert Bjørn Erik Klausen.